



MØTEBOK

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2005 01753	Doknr.: 70
Mottatt: 19 DES 2005	
Saksbehandler: ASR/ASRL/IEK	Ark.: 161
Bopi:	Avskr.:

Fylkeslandbruksstyret i Vest-Agder

Saksnr: 84/2005	Møte dato: 15.12.05	Vår ref.: 05/6186
Saksbehandler: ASO	Arkivnr: 530	Kommunens.ref

HØRINGSUTTALELSE – FORSKRIFT OM SKOGFOND M.V.

Saksbehandler:
Fylkesskogsjef Arne Solum

Trykte vedlegg:

1. Brev av 28.10.2005 fra Landbruks- og matdepartementet
2. Høringsutkast – Forskrift om skogfond m.v.

Saksutredning:

Det vises til sakens dokumenter. Høringsutkastet innebærer at man får en forskrift om skogfond, mens det etter gjeldende skoglov er 5 forskrifter knyttet til skogavgift og rentemidler av innestående skogavgift. Dette er en positiv endring. Inndeling og oppbygging av den nye forskriften virker logisk og god. Bestemmelser knytta til renter av skogfond er korta betydelig ned i forhold til tidligere, noe en heller ikke har spesielle merknader til. Landbruksdirektøren vil vi komme med et par endringsforslag knytta til skogfond, §§ 2 og 3, med formål å forenkle administrasjon av ordningen, og å ta bort uheldige effekter.

Kap. 2 - bør det være en nedre grense for oppgaveplikt.

I § 2-2 siste ledd videreføres frivilligheten til å sette av skogavgift der skogeier selv er ansvarlig for dette, og omfanget er lite. I § 2-5, 1. ledd henger det fortsatt igjen en "oppgaveplikt som omfatter alt", og som er med å gjøre svært mange til "lovbrytere". Selges en favn ved til naboen er det valgfritt å sette av skogavgift, men det skal meldes til virkesdatabasen.

Vi vil be om at det blir vurdert å knytte en valgfrihet også til oppgaveplikten på tilsvarende måte som for plikten til å sette av skogavgift. Etter vårt syn kan den knyttes opp til samme kriterier. Det bør opplagt være en nedre grense for når en skal være pliktig, og det vil etter vårt syn være hensiktsmessig å benytte samme grense som for plikt til innbetaling av skogavgift.

Det er svært uheldig med lovverk som på en unødvendig måte "gjør alle til lovbrytere" for forhold som ikke har blitt påtalt, og ikke vil være mulig å tenke seg en praktisk måte å håndheve fullt ut. Slike forhold bryter ned den generelle respekten for lover og forskrifter.

Kap. 3 - skogfond til unødvendig mange formål?

I kap.3, §3-1 er lista opp formål skogfondet kan brukes til. Lista er lang, og i stor grad identisk med tidligere forskrift. Etter vårt syn bør en vurdere å begrense denne lista kraftig. Dette begrunnes med at det nå er mulig å velge skogavgiftssats så lavt som 4%, samtidig som en har en sikkerhetsventil i §3-3 siste ledd som gjør det mulig å få utbetalt skogfond dersom det ikke er investeringsbehov på eiendommen.

I utgangspunktet kunne en tenkt å ta bort alle formål som ikke gir skattefordel. Vi vil konkret be om at det blir vurdert å ta bort punkt 6, 7 og 8 fra lista (forsikring, kurs, grensemerking) Det er ikke skattefordel knytta til denne bruken, og bruk av skogfond til disse formål kan framstå som en, for det offentlig, svært ressurskrevende måte å hjelpe skogeier å betale små regninger på, uten at dette har skogpolitisk effekt.

Andre kommentarer.

I §1-3 er "eksport" særlig nevnt. Det vil vi tro kan strykes, da det vel fanges opp av "sal".

Vi har ellers ikke merknader til det nye punktet i § 2-2, andre ledd. Selv om dette er å åpne for en noe med ressurskrevende behandling vil saker her være uttrykk for en aktiv bruk av skogfond som virkemiddel, og trolig være av stor betydning for vedkommende skogeier. Vi forventer heller ikke noen stor saksmengde på dette.

Det hadde vært ønskelig og ha bestemmelser om skattlegging skogavgift i samme forskrift, men ved elektronisk visning av forskriften kan det legges en link til aktuelle regler i skatteloven i § 3-1 siste ledd.

LANDBRUKSDIREKTØRENS FORSLAG TIL VEDTAK:

Fylkeslandbruksstyret slutter seg til landbruksdirektørens vurderinger i saksutredningen.

FYLKESLANDBRUKSSTYRETS VEDTAK:

Forslaget enstemmig vedtatt

Møtebok sendt til:

Det Kongelige Landbruks- og Matdepartementet, Postboks 8007, Dep. 0030 Oslo

Dato^{15/12-05} Sign. *Gunnhild Luttedal*

Forskrift om skogfond på høring.

Vi er svært godt fornøyd med at høringsutkastet innebærer en samling til en forskrift om skogfond. Inndeling og oppbygging av denne virker logisk og god. Bestemmelser knytta til renter av skogfond er korta betydelig ned i forhold til tidligere. Fylkesmannen i Vest-Agder vil vi komme med et par endringsforslag knytta til skogfond, § 2 og 3, med formål å forenkle administrasjon av ordningen og å ta bort uheldige effekter.

Bør være en nedre grense for oppgaveplikt.

I § 2-2 siste ledd videreføres frivilligheten til å sette av skogavgift der skogeier selv er ansvarlig for dette, og omfanget er lite. I § 2-5, 1. ledd henger det fortsatt igjen en "oppgaveplikt som omfatter alt", og som er med å gjøre svært mange til "lovbrytere". Selges en favn ved til naboen er det valgfritt å sette av skogavgift, men det skal meldes til virkesdatabasen.

Vi vil be om at det blir vurdert å knytte en valgfrihet også til oppgaveplikten på tilsvarende måte som for plikten til å sette av skogavgift. Etter vårt syn kan den knyttes opp til samme kriterier, § 2-3, 2.ledd, pkt. 3 og 4, og § 2-2 siste ledd. Det bør opplagt være en nedre grense for når en skal være pliktig, og det vil etter vårt syn være hensiktsmessig å benytte samme grense som for plikt til innbetaling av skogavgift.

Det er svært uheldig med lovverk som på en unødvendig måte "gjør alle til lovbrytere" for forhold som ikke har blitt påtalt, og ikke vil være mulig å tenke seg en praktisk måte å håndheve fullt ut. Slike forhold bryter ned den generelle respekten for lover og forskrifter.

Skogfond til unødvendig mange formål?

I kap.3, §3-1 er lista opp formål skogfondet kan brukes til. Lista er lang, og i stor grad identisk med tidligere forskrift. Etter vårt syn bør en vurdere å begrense denne lista kraftig. Dette begrunnes med at det nå er mulig å velge skogavgiftssats så lavt som 4%, samtidig som en har en sikkerhetsventil i §3-3 siste ledd som gjør det mulig å få utbetalt skogfond dersom det ikke er investeringsbehov på eiendommen.

I utgangspunktet kunne en tenkt å ta bort alle formål som ikke gir skattefordel. Vi vil konkret be om at det blir vurdert å ta bort punkt 6, 7 og 8 fra lista (forsikring, kurs, grensemerking) Det er ikke skattefordel knytta til denne bruken, og bruk av skogfond til disse formål kan framstå som en, for det offentlig, svært ressurskrevende måte å hjelpe skogeier å betale små regninger på, uten at dette har skogpolitisk effekt.

Andre kommentarer.

I §1-3 er "eksport" særlig nevnt. Det vil vi tro kan strykes, da det vel fanges opp av "sal".

Vi har ellers ikke merknader til det nye punktet i § 2-2, andre ledd. Selv om dette er å åpne for en noe med ressurskrevende behandling vil saker her være uttrykk for en aktiv bruk av skogfond som virkemiddel, og trolig være av stor betydning for vedkommende skogeier. Vi forventer heller ikke noen stor saksmengde på dette.

Det hadde vært ønskelig og ha bestemmelser om skattlegging skogavgift i samme forskrift. Ved elektronisk visning av forskriften kan det legges en link til aktuelle regler i skatteloven i § 3-1 siste ledd.

Vedlegg sak 84/2005 a.d.



DET KONGELIGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Fylkesmannen i Vest-Agder	
07 NOV. 2005	
Ark. 530	Sak. 05/6455-
Saksbeh. KKA	Dok. 01

Til :
Høyringsinstansane
etter vedlagte liste

Vår ref
2005/01753

Dato
28. oktober 2005

Høyring – Ny forskrift om skogfond mv.

Departementet sender med dette eit utkast til ny forskrift om skogfond på høyring.

Den nye lova om skogbruk (skogbrukslova), som blei fastsett 27. mai 2005, skal tre i kraft frå 1. januar 2006. I §§ 14-16 er det gitt føresegnar om skogfond mv., som kjem i staden for føresegnene om skogavgift mv. i den gjeldande skogbrukslova. Det er derfor nødvendig å lage nye utfyllande reglar på dette området.

Høyringsutkastet inneber at ein framover berre skal ha ei forskrift om skogfond, medan det etter gjeldande skogbrukslov er 5 forskrifter knytt til skogavgift og rentemidlane av inneståande skogavgift. Høyringsutkastet er slik sett eit forenklingstiltak. Satsane for innbetaling til skogfond vil såleis etter dette gå fram av den samla forskrifta og ikkje bli fastsett kvart år. Reglane er elles òg noko nedkorta, og justert i høve til gjeldande praksis og nye system for kontoføring.

Departementet opnar for at ein skogeigar innafor same kalenderår skal kunne auke satsen for innbetalinga av skogfond også etter at avsetjinga er registrert og berekna. Dette er nytt i høve til tidlegare.

Departementet har satt fristen for innspel frå høyringsinstansane til **12. desember 2005**

Med helsing (e.f.)

Ellen Hambro
ekspedisjonssjef

Ivar Ekanger
avdelingsdirektør

Vedlegg.

Adressatar

Departement

Fylkesmenn

Fylkeskommunar

Fylkeslandbruksstyra

Kommunar

Sametinget

- Statens landbruksforvaltning (SLF)
- Direktoratet for naturforvaltning
- Riksantikvaren
- Statens Forurensningstilsyn (SFT)
- Reindrifftsforvaltningen
- Statskog SF
- Opplysningsvesenets fond
- Økokrim
- Kommunenes Sentralforbund
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Skogbrukets Landsforening
- Landsorganisasjonen i Norge
- Fellesforbundet, Seksjon Skog og Land
- Norsk Naturviterforbund (NAFO)
- NORSKOG Norsk Skogbruksforening
- Norges Skogeierforbund og skogeierforeningene
- Norsk Almenningsforbund, c/o Romedal Almenning, v/Rune Brenna
- Norges Bondelag
- Norsk Bonde- og Småbrukarlag
- Transportbrukernes Fellesorganisasjon
- Prosessindustriens Landsforening
- Treforedlingsindustrien Bransjeforening
- Treindustrien
- Norsk Virkesmåling
- Norske Reindriftssamers Landsforbund
- Stiftelsen Det norske Skogfrøverk
- Maskinentreprenørenes Forbund (MEF)
- SKOGBRAND Forsikringsselskap Gjensidig
- Norges Naturvernforbund
- Natur og Ungdom
- WWF-Norge
- Samarbeidsrådet for biologisk mangfold (SABIMA)
- Den Norske Turistforening
- Friluftslivets Fellesorganisasjon (FRIFO)
- Friluftsrådenes Landsforbund (FL)
- Miljøstiftelsen Bellona
- Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF)
- Tømmermålernes Landsforbund v/ Arnfinn Stubrud
- Det Norske Skogselskap
- Norske 4H
- Jenter i skogbruket
- Skogbrukets Kursinstitutt (SKI)
- Norsk Bioenergiforening (NoBio)
- Norsk Institutt for Skogforskning (SKOGFORSK)
- Skogbrukets og Skogindustrienes Forskningsforening (SSFF)
- Norsk institutt for naturforskning (NINA)
- Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU)
- Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS)
- Universitet i Trondheim

Vedlegg bok 84/2005 s. 4

- Universitetet i Bergen
- Universitetet i Oslo
- Universitetet i Tromsø
- Universitetet for miljø og biovitenskap, Ås

Høringsutkast

Forskrift om skogfond mv.

Fastsett av Landbruks- og matdepartementet den ... 2005 i medhald av §§ 8, 14, 15 og 16 i lov 27. mai 2005 nr. 31 om skogbruk (skogbrukslova).

Kap. 1. Innleiande føresegner

§ 1-1 Formål

Denne forskrifta har til formål å sikre finansiering av ei berekraftig forvaltning av skogressursane gjennom tvungen avsetning til skogfond (jf. skogbrukslova § 14).

§ 1-2 Verkeområde mv.

Denne forskrifta gjeld for all skog og skogmark, jf. § 2 i skogbrukslova.

Skogfondsmidlane skal brukast i den skogen skogsvirket er levert frå, eller i annan skog som skogeigaren har i same kommune. Med godkjenning frå kommunen kan skogfondsmidlane òg brukast i skog som skogeigaren har i andre kommunar.

Med skogsvirke meiner ein i denne forskrifta massevirke, sagtømmer og spesialvirke av både bartre og lauvtre, under dette juletre, pyntegrønt og virke til ved og til annan produksjon av biobrensel.

Med bruttoverdien til skogsvirket meiner ein i denne forskrifta salsverdien av virke som henteklar rundvirke, inkludert eventuelle tillegg knytta til salet. Når virket ikkje blir seld eller avrekna som henteklar rundvirke må ein anslå bruttoverdien.

§ 1-3 Måleplikt

Kjøpar og seljar av skogsvirke pliktar å sørge for at alt skogsvirke som blir hogd til foredling, sal eller eksport blir målt og volumberekna på forsvarleg måte, jf. § 8, 3. ledd i skogbrukslova. Måleplikta gjeld ikkje uttak av skogsvirke til å dekkje behovet skogeigaren har i eiga jord- og skogbruksmessig verksemd.

§ 1-4 Disponering av skogfond

Skogfondet er knytt til eigedommen, og følgjer denne ved skifte av eigar. Skogfondet kan ikkje stillast som sikkerheit eller pantsetjast særskilt.

Skogfondsmidlane skal brukast til langsiktige investeringar. Investeringane skal vere fagleg, økonomisk og økologisk forsvarlege, og i samsvar med formål og føresegner i skogbrukslova, samt forskrifter gitt i medhald av lova.

Kap. 2. Innbetaling til skogfond og oppgaveplikt mv.

§ 2-1 Plikt til å setje av til skogfond

Skogeigaren har plikt til å setje av midlar til eigedommen sitt skogfond ved sal, oreigning eller anna overdraging av hogd eller framdrive skogsvirke eller av tre på rot, ved skogeigaren sin foredling av skogsvirke for vidaresal og anna overdraging, og ved skogeigaren sin bruk av skogsvirke til andre formål enn til dekning av eige behov i jord- og skogbruksmessig verksemd, jf. § 14 i skogbrukslova. Ved sal av juletre og pyntegrønt kan skogeigaren sjølv bestemme om det skal setjast av midlar til skogfondet.

§ 2-2 Sats for avsetjing til skogfond mv.

Avsetjinga til skogfond skal vere i heile prosenteningar innanfor intervallet 4-40 prosent av bruttoverdien til skogsvirket. Ved bruk av måleforeininga sine virkessystem skal prosentsatsen påførast salskontrakta/målemeldinga, og gjelde fram til skogeigaren endrar den. Om gjeldande sats

er ukjend skal det trekkjast 10 prosent. Alternativt skal avsetjinga til skogfond registrerast saman med oppgavepliktige opplysningar (jf. § 2-5)

Etter at avsetjing til skogfond er registrert og berekna kan skogeigaren innanfor same kalenderår setje av ytterlegare midlar til skogfond, avgrensa opp til 40% av bruttoverdien til skogsvirket, ved å registrere dette som oppgavepliktige opplysningar (jf. § 2-5).

Når skogeigaren sjølv er ansvarleg for å innbetale til skogfond, jf. § 2-3, 2. ledd, pkt. 3 og 4, og det beløpet som skal avsetjast innanfor eit kalenderår blir mindre enn kr 500.-, kan skogeigaren sjølv velje om beløpet skal innbetalast.

§ 2-3 Plikt til å betale inn til skogfond

Innbetalinga til skogfond skal skje når virket er levert, og grunnlaget for innbetalinga er kjent. Virket blir rekna for levert seinast når det er målt og/eller merkt. For tømmer selt på rot skal innbetalinga skje samtidig med at seljar får oppgjær.

Innbetaling til skogfond skal skje etter følgjande reglar:

1. For skogsvirke som blir selt gjennom skogeigarforeining, eller andre som kjøper tømmer for vidaresal, skal desse betale inn beløpet.
2. For skogsvirke som blir selt direkte til ein kjøpar, framdrive eller på rot, skal kjøpar betale inn beløpet. Ved eventuelt vidaresal skal den som sel skogsvirket vidare dokumentere at det er betalt inn til skogfond.
3. I dei tilfella der det ikkje blir sett av midlar til skogfond etter 2. ledd nr. 1 og 2 er skogeigaren sjølv ansvarleg for at midlar blir betalt inn til kontoen for skogfond.
4. Ved uttak av skogsvirke på grunnlag av allmenningsrett er det allmenningsstyret som har ansvaret for at det blir sett av midlar til skogfond.

§ 2-4 Nærmare om innbetaling til skogfond

Kjøparar som etter § 2-3 skal innbetale til skogfond skal gi seljar melding om beløpet som vil bli innbetalt samtidig som seljar får oppgjær. Beløpet skal innbetalast i samsvar med kontroll-oppgåva som blir sendt frå virkesdatabasen (jf. § 2-6), innan utløpet av den månaden heilt eller delvis oppgjær for det leverte virket forfell til betaling.

Fylkesmannen krev inn beløpet på vegne av seljar. For beløp som ikkje er innbetalt innan den fastsette fristen skal det betalast renter i samsvar med føresegner i Lov om renter ved forsinket betaling av 17. desember 1976 nr. 100.

Skogfondsmidlane skal spesifiserast på ein særskilt fondskonto for kvar enkelt skogeigedom.

Fylkesmannen skal sørgje for å halde skogfondsmidlane skilte frå midlane løyvd over statsbudsjettet, og at dei står på renteberande konto til best mogleg rente i bank eller annan finansinstitusjon som departementet godkjenner.

Manglande innbetaling til skogfond og eventuelle renter er tvangsgrunnlag for utlegg, og kan såleis bli drivne inn utan søksmål hos dei som er ansvarlege for innbetalinga etter denne forskrifta, jf. § 14, siste ledd i skogbrukslova.

§ 2-5 Oppgaveplikt

Alt skogsvirke som er omfatta av måleplikt etter § 1-3 skal meldast til ein landsomfattande virkesdatabase.

Følgjande opplysningar skal registrerast :

1. Eigedommen sitt hovudnummer.
2. Namn og adresse på eigaren.
3. Namn og adresse på kjøparen (gjeld berre når kjøpar er ansvarleg for registreringa).

4. Volum av det målte skogsvirke i fastkubikkmeter under bark, juletre og pyntegrønt i høvesvis tal og kg.
5. Bruttoverdien av målt virke (jf. § 1-2).
6. Innbetalt beløp til skogfond.

Opplysningane skal vere fordelte på følgjande treslag og sortimentsgrupper:

1. Industrivirke av gran (under dette edelgran, sitka og lutzii) fordelt på sortimenta spesial, prima skur, sekunda skur, annan skur, sams skur og massevirke, massevirke og anna rundvirke.
2. Industrivirke av furu (under dette contortafuru, lerk, thuja, hemlock og douglas) fordelt på sortimenta spesial, prima skur, sekunda skur, annan skur, sams skur og massevirke, massevirke og anna rundvirke.
3. Industrivirke av lauv fordelt på sortimenta spesial, skur og massevirke.
4. Virke til ved og til annan produksjon av biobrensel, fordelt på bar og lauv.
5. Juletre og pyntegrønt.

Kjøparen har ansvaret for å registrere måleopplysningane. Der registreringa skjer i måleforeininga sine virkessystem tek måleforeininga over det vidare registreringsansvaret.

Der måleforeininga sine virkessystem ikkje blir brukt skal innmelding skje på skjema eller elektronisk medium. I tilfelle der kjøparen ikkje pliktar å betale inn til skogfond, jf. § 2-3, 2. ledd, pkt. 3 og 4, så er det høvesvis skogeigar eller allmenningsstyre som er ansvarleg for oppgaveplikta ved registrering på skjema eller elektronisk medium.

Registrering skal skje seinast innan utløpet av den månaden heile eller delar av oppgjeret for det leverte virket forfell til betaling. Ved årets slutt skal alt virke som er levert og som tidlegare ikkje er innmeldt, meldast.

§ 2-6 Virkesdatabase mv.

Måleopplysningane blir lagra i ein landsomfattande virkesdatabase for skogfond og måleplikt (VSOP). Statens landbruksforvaltning (SLF) er registeransvarleg for databasen.

Den ansvarlege instansen for VSOP skal etter nærmare instruks frå departementet sende oppgave til fylkesmannen over opplysningar som er fastsette i § 2-5, 2. og 3. ledd. Samtidig skal virkesdatabasen sende kontrolloppgave over det som er innmeldt til kvar enkelt kjøpar.

Fylkesmannen skal sørge for å sende melding om det som er innmeldt vidare til kommunane. Innani den fristen fylkesmannen sett skal kommunen ha identifisert og kontrollert opplysningane.

Fylkesmannen skal ved slutten av regnskapsåret sende ei utskrift til likningsstyresmakta og til kvar enkelt skogeigar over avverka kvantum, bruttoverdi og beløp sett av til skogfond for kvar enkelt skogeigar.

Kap. 3. Bruk av skogfondsmidler mv.

§ 3-1 Formål skogfondet kan brukast til

Midlane frå skogfondet kan brukast til følgjande formål:

1. Planlegging, administrasjon og gjennomføring av skogkulturtiltak.
 - 1.1. Forynging og etablering av skog. Dette omfattar planting og såing, samt nødvendige for- og etterarbeid (markriving, vegetasjonskontroll og suppleringsiltak mv.). Dette omfattar òg etablering av felt for juletre- og pyntegrøntproduksjon.
 - 1.2. Kvalitets- og produksjonsfremmande tiltak, bortsett frå i felt for juletre og pyntegrønt. Dette omfattar ungskogpleie, tynning (berre underskott), stammekvisting, gjødsling, skadeførebyggjande tiltak, grøfterensk og suppleringsgrøfting.

2. Bygging, ombygging og opprusting av skogsvegar mv.
Utgifter til planlegging og bygging av nye skogsvegar og ombygging og opprusting av eksisterande skogsvegar, under dette velteplassar, som er godkjente etter dei til kvar tid gjeldande forskriftene om planlegging og godkjenning av vegar for landbruksformål fastsett av Landbruks- og matdepartementet.
3. Miljøtiltak.
 - 3.1. Stadbundne alternative avverkningsfremmande investeringar i eit område der det er fastsett restriktive forskrifter for bygging av skogsvegar. Slike investeringar kan omfatte enkle driftsvegar, anlegg av trasear for vinterdrift, fløtingsinnretningar og eventuelle andre avverkningsfremmande tiltak som skal til for å etterleve dei fastsette restriksjonane (jf. skattelova § 8-2).
 - 3.2. Utgifter når det i samband med skogbrukstiltak blir teke konkrete miljøomsyn i område der det kan drivast eit økonomisk skogbruk. Dette omfattar miljøomsyn knytt til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminne og friluftsliv. Bruk av skogfondsmidlar etter denne føresegna skal vere godkjent av kommunen på førehand.
4. Vegvedlikehald.
Vedlikehald av skogsvegar som inngår i det permanente vegnettet, under dette velteplassar for skogsvirke.
5. Skogbruksplanlegging.
Utarbeiding og ajourføring av planar for skogforvaltning og anna næringsutvikling knytt til skogressursane, og tiltak for betre utnytting av planane, under dette kjøp av dataprogram for ajourføring.
6. Forsikring mot stormskadar, brann og andre skadar på skog og bygningar knytt til skogsdrifta.
7. Kursavgift og kursmateriell knytt til kurs som gir skogeigaren opplæring i skogøkologi, skogetablering og skogproduksjon, samt verdiskaping knytt til trebaserte produkt.
8. Oppmerking av eigedomsgrenser og nødvendige handlangarutgifter ved jordskifte av skog.
9. Meirverdiavgift
10. Andre tiltak som er godkjente av departementet eller den departementet gir fullmakt.

I lov om skatt av formue og inntekt (skatteloven) er det i § 8-2 fastsett nærmare reglar om skattlegginga ved bruk av skogfondsmidlar.

link

§ 3-2 Nærmare om utbetaling

Spesifiserte krav om utbetaling frå skogfondet skal sendast til kommunen seinast 1 - eitt - år frå utgangen av det kalenderåret investeringa blei gjort. Alle krav om utbetaling skal vere tilstrekkeleg dokumentert og skogeigaren har plikt til å leggje fram den dokumentasjonen kommunen ber om.

Skogeigarar som gjennomfører større investeringar eller tiltak kan få utbetalingar frå skogfondet etter kvart som investeringane blir gjennomførte.

Investeringar eller tiltak kan dekkjast av skogfondsmidlar som blir betalt inn innan utgangen av kalenderåret etter at investeringane eller tiltaka blei gjennomførte.

Kommunen kan gi tilsegn om at planlagde, større investeringar eller tiltak kan dekkjast av skogfondsmidlar som blir betalt inn i inntil 5 – fem – år etter at investeringane eller tiltaka blei gjennomførte.

Dersom det på eigdommen er openberre behov for foryngingstiltak eller ungskogpleie etter § 3-1, 1.ledd nr. 1 ovanfor, kan kommunen avgrense utbetalingar frå skogfondet til andre formål for å sikre nok midlar til å finansiere skogkulturinvesteringane.

ber?

§ 3-3 Tilbakebetaling frå skogfondet

For eigedommar med mindre enn 10 dekar skog skal innbetalte skogfondsmidlar utan opphald betalast tilbake til skogeigaren.

Når skog blir omdisponert til eit anna formål enn skogproduksjon, og eigaren ikkje har annan skog, skal kommunen sørge for at skogfondsmidlane blir utbetalte til eigaren.

Skogeigaren kan etter søknad få tilbakebetalt skogfondsmidlar om kommunen finn at det i dei nærmaste 10 åra framover ikkje er aktuelle investeringsbehov i skogen, eller at den forventa innbetalinga til skogfondet i same perioden vil dekkje investeringsbehovet.

Kap. 4. Renter av skogfond

§ 4-1 Bruk av rentene av skogfond

Skogeigaren har ikkje krav på renter av inneståande beløp på skogfondet, jf. § 16 i skogbrukslova. Rentene av skogfondet (rentemidlane) skal brukast til administrasjon av skogfundsordninga, og til å dekkje eventuelle tap i samband med ordninga.

Departementet eller den det gir fullmakt skal kvart år bestemme ei prosentvis fordeling av bruken av rentemidlane på kommunenivå, fylkesnivå og sentralt nivå. Departementet eller den det gir fullmakt kan vidare bestemme at ein del av rentemidlane kvart år skal overførast til skogeigarforeiningar eller andre som driv aktiv skogfagleg rettleiing til skogeigarar.

Rentemidlar som ikkje blir brukt til dei formåla som er nemnt i 1. ledd, kan brukast til følgjande formål:

1. Tilskott til prosjekt og tiltak til fremme av skogbruk. Rentemidlar kan i samband med dette ikkje brukast til lønn mv. til personell som er tilsett i ein kommune eller ved fylkesmannsembetet.
2. Tilskott til informasjonsmateriell, informasjonsutstyr og dekning av fellesutgifter i samband med skogfagleg informasjon, skogfaglege arrangement og utferder, rettleiing og opplæring mv. for skogeigarar, skular, samarbeidande etatar og organisasjonar mv., spesielle grupper og allmenta.
3. Tilskott til ulike organisasjonar og institusjonar som arbeider aktivt for å fremme interessa for eller utviklinga av skogbruk. Tilskotta skal gis til konkrete tiltak, og ikkje som driftstilskott.
4. Tilskott til skogbruksplanlegging. Rentemidlane kan brukast til heil eller delvis dekning av felleskostnadene ved områdevisе takstar eller områdevisе skogbruksplanaksjonar. Slike felleskostnader kan omfatte forarbeid og informasjon om taksten, bildemateriale, ortofoto, kart og presentasjon av områdevisе tal. Felleskostnadene kan bli dekt av rentemidlar med inntil 15% av dei totale kostnadene ved taksten. I særlege tilfelle kan ein større prosentdel bli dekt med rentemidlar når dokumenterte felleskostnader overstig 15% av dei totale kostnadene. Rentemidlane kan ikkje brukast som direkte tilskott til skogbruksplan for den enkelte skogeigaren.

Sentralt inntrekte rentemidlar kan i tillegg brukast som tilskott til fylke som sjølv har liten renteinngang når det er ønskeleg å gjennomføre prosjekt og tiltak som i andre fylke blir finansiert av rentemidlar.

§ 4-2 Regnskaps- og budsjettrutinar for rentene av skogfond

Kommunen, fylkesmannen og departementet har ansvaret for at rentemidlane regnskaps- og budsjettmessig blir halde skilt frå midlar løyvd over statsbudsjettet og andre midlar som desse administrerer. Rentemidlane skal stå på renteberande konto til best mogleg rente i bank eller annan finansinstitusjon som departementet godkjenner.

Kommunen og fylkesmannen skal kvart år utarbeide eit budsjett for bruken av høvesvis kommunane og fylka sine rentemidlar. Fylkesmennene skal gi nærmare retningslinjer for gjennomføringa av budsjettarbeidet på kommunenivå, og skal godkjenne kommunane sine budsjett. Departementet gir nærmare retningslinjer for gjennomføringa av budsjettarbeidet på fylkesnivå. Budsjetta for bruk av fylka sine rentemidlar skal godkjennast av departementet eller den det gir fullmakt.

Rentemidlane kan berre brukast i samsvar med dei godkjente budsjetta.

Kap. 5. Avsluttande føresegner

§ 5-1 Fordeling av skogfond ved deling av eigedom

Ved deling av skogeigedommar skal skogfondet delast mellom dei eigedommane som oppstår ved delinga i forhold til investeringsbehovet i dei nærmaste 10 åra framover på dei oppdelte skogeigedommane. Partane kan inngå avtale om fordelinga av skogfondet. Avtalen skal godkjennast av kommunen, som kan endre avtalen dersom den ikkje er tilfredstillande. Dersom partane ikkje inngår ei slik avtale, eller kommunen finn å måtte endre avtala, skal kommunen fastsetje fordelinga etter at partane innan ein fastsett frist har hatt høve til å uttale seg.

Dersom dei eigedommane som oppstår ved delinga ikkje skal nyttast til skogbruksformål, eller ikkje har noko framtidig investeringsbehov, skal eigaren av den opphavlege skogeigedommen behalde skogfondet.

Skjer delinga av skogeigedommar ved jordskifte, bestemmer jordskifteretten korleis skogfondet skal fordelast på dei enkelte eigedommane.

§ 5-2 Kontroll

Kommunen skal i nødvendig utstrekning kontrollere gjennomførte investeringar og utførte tiltak før det blir gjort utbetaling av skogfondsmidlar.

Kommunen skal dessutan gjennom stikkprøver av foryngingsfelt kontrollere at skogkulturtiltaka er utførte på ein skogbruksfagleg og miljømessig tilfredsstillande måte. Resultata frå kontrollen skal rapporterast til fylkesmannen på skjema for resultatkontroll av foryngingsfelt.

§ 5-3 Klage

Vedtak gjort av kommunen i medhald av denne forskrifta kan påklagast til fylkesmannen, jf. § 21 i skogbrukslova.

§ 5-4 Straff

Brot på denne forskrifta blir straffa med heimel i § 22 i skogbrukslova.

§ 5-5 Tvangsmulkt

Skogeigar eller kjøpar som ikkje har innbetalt skogfondsmidlar eller gitt oppgåver etter reglane i denne forskrifta kan påleggjast tvangsmulkt fram til skuldige midlar eller oppgåver er mottekne, jf. § 23 i skogbrukslova.

§ 5-6 Dispensasjon og utfyllande retningslinjer

Landbruks- og matdepartementet, eller den departementet gir fullmakt, kan bestemme at skogfondsmidlar, etter søknad frå gjeldande skogeigarar, skal kunne brukast til spesielle fellestiltak, og vidare dispensere frå denne forskrift.

Landbruks- og matdepartementet, eller den departementet gir fullmakt, kan gi utfyllande retningslinjer til forskrifta.

§ 5-7 Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå 1. januar 2006.

Vedlegg sak 84/2005 a. 11

Samtidig blir følgende forskrifter oppheva:

1. Forskrift om forvaltning og bruk av rentene av skogavgiften (rentemidlene), fastsatt 15. februar 1994.
2. Forskrift om forvaltning og bruk av renter av skogavgiften som trekkes inn til Landbruksdepartementet (sentralt inntrukne rentemidler), fastsatt 18. februar 1994.
3. Forskrift om bruk m.v. av skogavgift, fastsatt 20. april 1994.
4. Forskrift om innbetaling av skogavgift og måling av skogsvirke m.v., fastsatt 12. juni 1995.